



# Bli med!

Vi ønskjer fleire born, unge og vaksne med i Røde Kors.  
I denne brosjyren kan du lese meir om kva Røde Kors er,  
kva du kan vere med på, og korleis du blir medlem.



# **Velkomen til Røde Kors!**

Røde Kors er ope for alle, uavhengig av språk, kultur, alder, kjønn eller funksjonshemmning.

Røde Kors er eit nettverk av frivillige hjelparar, til saman ca. 45 000 personar, fordelt på 381 lokalforeiningar i heile Noreg. Frivillig innsats i Røde Kors er ulønt arbeid i samsvar med Røde Kors' idégrunnlag.

På baksida av brosjyren finn du kontaktinformasjon til di lokale Røde Kors-foreining.

## **Kva er Røde Kors?**

Røde Kors er ein organisasjon av menneske som hjelper menneske. Dei frivillige er sjølvे berebjelken i aktivitetane.

## **Søk og redning**

Vi har kapasitet og kompetanse som aktør i redningstenesta.

## **Migrasjon**

Vi er til for migrantar med behov for støtte og inkludering, og bidreg til å sikre humanitære behov.





## Beredskap

Vi er med på å bygge lokal kapasitet og beredskapssevne for å vere til stades før, under og etter at ei katastrofe eller krise oppstår.

## Oppvekst

Vi er med å skape trygge, opne og inkluderande møteplassar for born og unge, og legg til rette for tilbod til born og unge i utsette livssituasjonar.

## Sosial inkludering

Vi er der for menneske som har behov for sosial kontakt, ved å tilby opne møteplassar og kontakt éin-til-éin og i nettverk.

## Kvífor skal du bli med?

Å vere frivillig er både lærerikt og gjevande. Du får ei nyttig erfaring samstundes som det gjev ei god kjensle å vere til hjelp.

Det er eit gjensidig forhold mellom den som mottek hjelp, og den som gjev hjelp – begge partar er til for kvarandre.

Røde Kors treng nye frivillige som bryr seg.

## Trygt og godt!

Røde Kors ønskjer å gje alle menneske høve til å bidra frivillig, uansett bakgrunn. Vi har klare rammer og jobbar aktivt for å inkludere alle og gje alle eit trygt og godt tilbod. For å sikre dette har Røde Kors vedteke ein frivilligheitspolitikk. I den skildra Røde Kors pliktene sine overfor dei frivillige og kva plikter dei frivillige har.

## Bli med og bidra, møt nye menneske!

I Røde Kors kan frivillige gjere ein innsats ut frå eiga interesse, tid og kompetanse. Vi ønskjer å gje alle menneske høve til å bidra frivillig, uansett bakgrunn. Hovudkriteriet er at du bryr deg og ønskjer å gjere noko for andre menneske. Vil du gjere ein innsats for nokon, og kunne tenkje deg å vere frivillig nokre timer i månaden, finst det mange behov du kan bidra til å dekkje. Det kan dreie seg om vanskar med å tilpasse seg eit nytt land, nokon som har gått seg vekk i fjellet, eller nokon av dei mange som er einsame og rett og slett har behov for nokon å prate med.

Du kan hjelpe skuleborn med lekser, besøke innsette i fengsel, og vere ein vegvisar inn i det norske samfunnet for innvandrarar og flyktningar. Du kan bidra i omsorga for born, unge og eldre. Du kan vere der for dei som har behov for nye nettverk etter soning, psykisk sjukdom eller rusmisbruk.



## Erfaring og læring for livet!

I Røde Kors er vi svært opptekne av å halde høg kvalitet i alle våre aktivitetar, og vi tilbyr difor grundig opplæring til alle frivillige. Vi har samla dette i ein heilskapleg, modulbasert utdanningsplan. I botnen ligg kurset «Introduksjon til Røde Kors», eit 5timarskurs i førstehjelp og eit kurs i psykososial førstehjelp. Deretter blir opplæringa retta mot dei ulike aktivitetane eller mot verv i organisasjonen.





## **Mykje for pengane**

Som medlem er du med på å støtte Røde Kors sin innsats.

Som medlem i Røde Kors får du mellom anna Røde Kors-magasinet sendt heim til deg.

Du får også medlemsfordelar hjå fleire av sponsorane våre. Frivillige som deltek i Røde Kors-aktivitetar, blir oppfordra til å teikne medlemskap, men du kan delta i frivillig arbeid utan å vere medlem.

## **Utstyr og klede**

Du treng ikkje noko spesielt utstyr i dei fleste aktivitetane Røde Kors har. Eit godt råd er at det må stå i stil med aktiviteten du skal vere med på. Skal ein ut på tur, må ein ha klede og skor som toler vêr og vind.








Røde Kors prinsippa er:

Humanitet // Upartiskhet // Nøytralitet // Uavhengigheit // Frivilligheit // Einskaps // Universalitet

**Ønsker du å bli  
med i Røde Kors?  
Kontakt oss!**



Di lokale Røde Kors-foreining er:

.....

Kontaktperson:

.....

Telefonnummer / E-postadresse:

.....